

Fordjuping

Fordjuping er eit tilbod til spesielt interesserte og motiverte kulturskuleelevar, til elevar som vil noko meir, er i alderen 13-19 år og som er elev i ein kulturskule i regionen. Du får ein sosial og fagleg møteplass med andre som har same interesse.

Fordjupingstilboden skal fungere som ei forlenging av det vanlege tilboden du har i kulturskulen din, og kan vere ei førebuing for dei som ynskjer å søke vidare til høgare utdanning innan faget.

Det vert stilt større krav til engasjement og fysisk oppmøte ved deltaking i eit fordjupingsprogram samanlikna med ordinær undervisning. Og det vert forventa heimearbeid/øving mellom samlingane.

Samlingane vil vere på Sunnfjord kulturskule (bak Førdehuset) i Førde. Det kan bli aktuelt å flytte stad, avhengig av kva og kven vi skal samarbeide med.

Fordjuping – visuell kunst

Tilboden har 8 elevplassar. Det er 4 samlingar i semesteret, laurdagar mellom kl. 11 og 17.

Første samling i haust er "Teiknelaurdag" i Førde med Aud Marit Skarrebo Holmen

Laurdag 30.8.2025 i tidsrommet kl 11 – 17, fordelt i grupper á 1,5-2 timer

Er du kulturskulelev og lurer på å søke fordjuping, eller vil du berre sjå kva tilboden er, er du velkommen til å være med på teiknelaurdagen. Det er plass til 16 elevar.

Påmelding til teiknelaurdag innan 22.8.2025 til læraren din.
Alder 13-19 år (f. 2012 eller tidlegare)

Etter teiknelaurdagen kan du søke inn til ordinært fordjupingstilbod i kunst. Her får du undervisning av ulike profesjonelle kunstnarar innafor deira spesialfelt.

Tilboden har 8 elevplassar.

Første ordinære samling er laurdag 27.9.2025 kl 11 – 17.

Dei andre datoane vert annonsert innan 27.9.

Sidan 2023 har vi hatt besøk av kunstnarar og vore på besøk til kunstnarar, der vi mellom anna har jobba med teikning, måling, skulptur, keramikk, collage, tekstil, arkitektur, akvarell, silketrykk, glassblåsing, dreiling av leire, oljemåling og maskinstrikking. Vi har vore på utflykter til Sandane, Balestrand og Bergen og vi har besøkt utstillingar og utdanningsinstitusjonar i Bergen.

Vi har god erfaring med dette kunsttilboden, og om du lurer på kva og kven vi har jobba med, så finn du meir om dette [her](#):

Har du lyst å søke fordjuping? Då gjer du slik:

- fyll ut påmeldingsskjemaet
- skriv nokre linjer i skjemaet om kven du er, kva læraren din heiter og om kvifor du ynskjer å delta på tilbodet.

Om du ikkje kan komme på teiknelaurdagen, kan du likevel søke. Då ynskjer vi å sjå nokre teikningar frå deg. Snakk med læraren din om dette.

Frist for å søke fordjuping visuell kunst er 5. september.

Pris pr. semester kr. 500,-

Velkomen som søker!

Har du spørsmål? Ta gjerne kontakt:

Ingjerd Monsen Hjelmeland
koordinator fordjuping visuell kunst
Tlf: 99230970
E-post: ingjerd.monsen.hjelmeland@sunnfjord.kommune.no

Trude Skarvatun
Ansvarleg for fordjupingstilbodet
Tlf: +4741505970
Epost: kulturskulen@sunnfjord.kommune.no



Visuell kunst

2025-2026